


NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK



# RUTEBIL- STATISTIKK 1985

SCHEDULED ROAD TRANSPORT 1985

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
CENTRAL BUREAU OF STATISTICS OF NORWAY

NOREGS OFFISIELLE STATISTIKK B 706



**RUTEBILSTATISTIKK  
1985**

**SCHEDULED ROAD TRANSPORT  
1985**

STATISTISK SENTRALBYRÅ  
OSLO – KONGSVINGER 1987

ISBN 82-537-2516-7  
ISSN 0550-0524

## **EMNEGRUPPE**

### **46 Samferdsel og reiseliv**

#### **ANDRE EMNEORD**

**Buss**

**Godstransport**

**Persontransport**

**Rutebiler**

## FORORD

Den årlege rutebilstatistikken gir opplysninger om talet på føretak, vogner og sysselsette og om trafikk og økonomiske forhold. Rutebilstatistikken for 1985 er utarbeidd etter same opplegg som statistikken for 1984. Hovudtal for statistikken blei gitt i Statistisk ukehefte nr. 3, 1987.

Førstekontorfullmektig Karin Berg har stått for arbeidet med statistikken.

Statistisk Sentralbyrå, Oslo/Kongsvinger, 24. juni 1987

Gisle Skancke

---

Jan-Erik Lystad

## PREFACE

The annual statistics on scheduled road transport give information on establishments, vehicles, employees, transport performance and economy. The scheduled road transport statistics for 1985 follow the same design as the statistics for 1984. Main results of the statistics were published in the Weekly Bulletin of Statistics no. 3, 1987.

The statistics have been prepared by Ms. Karin Berg.

Central Bureau of Statistics, Oslo/Kongsvinger, 24 June 1987

Gisle Skancke

---

Jan-Erik Lystad

## INNHOLD

	Side
<b>Figurregister .....</b>	<b>7</b>
<b>Tabellregister .....</b>	<b>8</b>
 Tekstdel	
1. Formål .....	11
2. Opplegg og gjennomføring .....	11
2.1. Grunnlaget for statistikken .....	11
2.2. Omfang og oppgåveeininger .....	11
2.3. Datainnsamling .....	12
3. Omgrep og kjennemerke .....	12
4. Bruk av tabellane .....	14
4.1. Merknader til tabellane .....	14
4.2. Behandling av kjøring på andres løyve .....	14
4.3. Behandling av eigarar i personlege rutebilføretak .....	15
4.4. Behandling av Norske Godslinjer A/S .....	15
5. Nokre hovudresultat .....	15
5.1. Rutebiltransport og samfunnsøkonomi .....	15
5.2. Utviklingstendensar og hovudresultat .....	16
Tekst på engelsk .....	17
<b>Figurdel .....</b>	<b>22</b>
<b>Tabelldel .....</b>	<b>26</b>
 Vedlegg	
1. Innanlandsk persontransport etter transportmåte. Nordiske land. 1985. Milliardar passasjerkilometer .....	85
2. Innanlandsk godstransport etter transportmåte. Nordiske land. 1985. Milliarder tonn-kilometer .....	87
 Utkomne publikasjonar	
Tidlegare utkome på emneområdet .....	88
Publikasjonar sende ut frå Statistisk Sentralbyrå etter 1. juli 1986. Emneinndelt ... oversikt .....	89
Standardar for norsk statistikk (SNS) .....	96
 Standardteikn i tabellar	
• Tal er umogleg (ulogisk)	
.. Oppgåve manglar	
- Null	
0 Mindre enn 0,5 av den brukte eininga	
0,0 Mindre enn 0,05 av den brukte eininga	
— Brot i den loddrette serien	
r Retta sidan førre utgåva	

## CONTENTS

	Page
Index of figures .....	9
Index of tables .....	10
 Text	
1. Purpose .....	17
2. Survey design .....	17
2.1. Statistical basis .....	17
2.2. Coverage and reporting unit .....	17
2.3. Collection of data .....	17
3. Terms and variables .....	18
4. Use of the tables .....	19
4.1. Notes to the tables .....	19
4.2. Treatment of driving on other bus companies' licence .....	20
4.3. Treatment of owners in personal scheduled road transport enterprises .....	20
4.4. Treatment of Norske Godslinjer A/S .....	20
5. Some main results .....	20
5.1. Scheduled road transport and the Norwegian economy .....	20
5.2. Some main results and trends .....	21
Figures .....	22
Tables .....	26

## Annexes

1. Domestic passenger transport by mode of transport. Nordic countries. 1985. Billion passenger-kilometres .....	85
2. Domestic goods transport by mode of transport. Nordic countries. 1985. Billion kilometres .....	87

## Publications

Previously issued on the subject .....	88
Publications issued by the Central Bureau of Statistics since 1 July 1986. Subject-matter arranged survey .....	89
Standards for Norwegian Statistics (SNS) .....	96

Explanation of Symbols in Tables	
·	Category not applicable
..	Data not available
-	Nil
0	Less than 0.5 of unit employed
0,0	Less than 0.05 of unit employed
	Break in the homogeneity of a
—	vertical series
r	Revised since the previous issue

## FIGURREGISTER

Side

1. Passasjertrafikk. 1930 - 1985. Mill. passasjerkilometer .....	22
2. Godstrafikk. 1930 - 1985. Mill. tonnkilometer .....	23
3. Inntekter og kostnader. 1970 - 1985. Mill. kr .....	24
4. Kostnader i passasjertrafikk. Fylke. 1985. Øre pr. vognkilometer i passasjertrafikk ...	25

## TABELLREGISTER

<u>Økonomien i samferdslesektoren, transporttytingar mv.</u>	Side
1. Bruttoprodukt i samferdsla. 1982 - 1986. Mill. kr .....	26
2. Forbruksutgiftene til hushåld i 1973, 1974 - 1976, 1977 - 1979, 1980 - 1982 og 1983 - 1985, etter vare- og tenestegruppe. Prosent .....	27
3. Konsumprisindeksen. Delindeksar for reiser og transport. 1977 - 1986 (1979 = 100) .....	27
4. Innanlandsk persontransport etter transportmåte. 1965, 1970, 1975, 1980 - 1985 .....	28
5. Innanlandsk godstransport etter transportmåte. 1965, 1970, 1975, 1980 - 1985 .....	29
 <u>Tilbakegående tabellar</u>	
6. Rutebiltransport. Hovudresultat. 1930 - 1985 .....	30
7. Føretak og vogner, etter talet på vogner i føretaket ved utgangen av året. 1981 - 1985 ..	31
8. Vognmateriell etter art/kapasitet ved utgangen av året. 1981 - 1985 .....	31
9. Personale etter arten av arbeid ved utgangen av året. 1981 - 1985 .....	32
10. Passasjertrafikk. Transporttytingar, kapasitetsutnytting og reiselengd, etter arten av kjøring. 1981 - 1985 .....	32
11. Godstrafikk. Transporttytingar, kapasitetsutnytting og transportlengd, etter arten av kjøring. 1981 - 1985 .....	33
12. Resultatrekneskap. 1981 - 1985. 1 000 kr .....	34
13. Resultatrekneskap. Gjennomsnittsinntekter. Kostnader pr. vognkilometer. 1981 - 1985 ...	36
 <u>Tabellar for 1985</u>	
<u>Føretak, vogner og sysselsetjing</u>	
14. Føretak etter storleik. Fylke. 31. desember 1985 .....	38
15. Vogner etter storleiken på føretaka. Fylke. 31. desember 1985 .....	39
16. Vognmateriell etter art/kapasitet. Fylke. 31. desember 1985 .....	40
17. Vognmateriell etter kapasitet/kjørte vognkilometer/gjennomsnittsalder og vogngruppe. 31. desember 1985 .....	41
18. Personale etter arten av arbeid. Fylke. 31. desember 1985 .....	42
19. Arbeidde timer etter arten av arbeid. Fylke. 1985. 1 000 timer .....	43
 <u>Transporttytingar</u>	
20. Passasjertrafikk. Transporttytingar, kapasitetsutnytting og reiselengd, i rute/utanfor rute. Fylke. 1985 .....	44
21. Godstrafikk. Transporttytingar, kapasitetsutnytting og transportlengd, i rute/utanfor rute. Fylke. 1985 .....	46
22. Passasjertrafikk. Transporttytingar etter arten av kjøring. Fylke. 1985 .....	48
23. Godstrafikk. Transporttytingar etter arten av kjøring. Fylke. 1985 .....	49
24. Transporttytingar i alt. Fylke. 1985 .....	50
 <u>Økonomi</u>	
25. Inntekter av passasjertrafikk i og utanfor rute, etter art. Fylke. 1985 .....	51
26. Inntekter av godstrafikk i og utanfor rute, etter art. Fylke. 1985 .....	53
27. Inntekter og tilskot, etter art. Fylke. 1985. 1 000 kr .....	54
28. Passasjertrafikk. Trafikkostnader etter art. Fylke. 1985. 1 000 kr .....	55
29. Godstrafikk. Trafikkostnader etter art. Fylke. 1985. 1 000 kr .....	60
30. Avdelings- og felleskostnader, etter art. Fylke. 1985. 1 000 kr .....	65
31. Resultatrekneskap. Fylke. 1985. 1 000 kr .....	67
32. Kostnader etter art. Prosent av totale kostnader. Fylke. 1985 .....	68
33. Kostnader i passasjertrafikk, etter art. Fylke. 1985. Øre pr. kjørte vognkilometer i passasjertrafikk .....	70
34. Kostnader i godstrafikk, etter art. Fylke. 1985. Øre pr. kjørte vognkilometer i gods- trafikk .....	75
35. Avdelings- og felleskostnader, etter art. Fylke. 1985. Øre pr. totalt kjørte vognkilo- meter .....	80
36. Norske Godslinjer A/S. Godstrafikk og resultatrekneskap. Fylke. 1985 .....	82

## INDEX OF FIGURES

	Page
1. Passenger traffic. 1930 - 1985. Million passenger-kilometres .....	22
2. Goods traffic. 1930 - 1985. Million ton-kilometres .....	23
3. Receipts and expenditure. 1970 - 1985. Million kroner .....	24
4. Expenditure in passenger traffic. County. 1985. Øre per vehicle-km done in passenger traffic .....	25

## INDEX OF TABLES

<u>Economy, transport performances etc.</u>	Page
1. Gross product of transport and communications. 1982 - 1986. Million kroner .....	26
2. Households' consumer expenditure in 1973, 1974 - 1976, 1977 - 1979, 1980 - 1982 and 1983 - 1985, by commodity and service group. Per cent .....	27
3. Consumer price index. Group indices for travel and transport. 1977 - 1986 (1979 = 100) ...	27
4. Domestic passenger transport by mode of transport. 1965, 1970, 1975, 1980 - 1985 .....	28
5. Domestic goods transport by mode of transport. 1965, 1970, 1975, 1980 - 1985 .....	29
 <u>Retrospective tables</u>	
6. Scheduled road transport. Main results. 1930 - 1985 .....	30
7. Enterprises and vehicles, by number of vehicles in the enterprise at the end of the year. 1981 - 1985 .....	31
8. Vehicle fleet by type/capacity at the end of the year. 1981 - 1985 .....	31
9. Staff by type of work at the end of the year. 1981 - 1985 .....	32
10. Passenger traffic. Transport performances, utilization of capacity and length of journey, by type of traffic. 1981 - 1985 .....	32
11. Goods traffic. Transport performances, utilization of capacity and length of transport, by type of traffic. 1981 - 1985 .....	33
12. Operating account. 1981 - 1985. 1 000 kroner .....	34
13. Operating account. Average receipts. Expenditure per vehicle-kilometre. 1981 - 1985 ....	36
 <u>Tables for 1985</u>	
<u>Enterprises, vehicles and staff</u>	
14. Enterprises by size. County. 31 December 1985 .....	38
15. Vehicles by size of enterprises. County. 31 December 1985 .....	39
16. Vehicle fleet by type/capacity. County. 31 December 1985 .....	40
17. Vehicle fleet by capacity/vehicle-kilometres done/average age and type of vehicle. 31 December 1985 .....	41
18. Staff by type of work. County. 31 December 1985 .....	42
19. Man-hours by type of work. County. 1985. 1 000 hours .....	43
 <u>Transport performance</u>	
20. Passenger traffic. Transport performances, utilization of capacity and length of journey, scheduled traffic/unscheduled traffic. County. 1985 .....	44
21. Goods traffic. Transport performances, utilization of capacity and length of transport, scheduled traffic/unscheduled traffic. County. 1985 .....	46
22. Passenger traffic. Transport performances by type of traffic. County. 1985 .....	48
23. Goods traffic. Transport performances by type of traffic. County. 1985 .....	49
24. Total transport performances. County. 1985 .....	50
 <u>Economy</u>	
25. Receipts from passenger traffic in scheduled and unscheduled traffic, by type. County. 1985 .....	51
26. Receipts from goods traffic in scheduled and unscheduled traffic, by type. County. 1985 .....	53
27. Receipts and subsidies, by type. County. 1985. 1 000 kroner .....	54
28. Passenger traffic. Traffic expenditure by type. County. 1985. 1 000 kroner .....	55
29. Goods traffic. Traffic expenditure by type. County. 1985. 1 000 kroner .....	60
30. Administration and other expenses, by type. County. 1985. 1 000 kroner .....	65
31. Operating account. County. 1985. 1 000 kroner .....	67
32. Expenditure by type. Per cent of total expenditure. County. 1985 .....	68
33. Expenditure in passenger traffic, by type. County. 1985. Øre per vehicle-kilometre done in passenger traffic .....	70
34. Expenditure in goods traffic, by type. County. 1985. Øre per vehicle-kilometre done in goods transport .....	75
35. Administration and other expenses, by type. County. 1985. Øre per total number of vehicle-kilometres .....	80
36. Norske Godslinjer A/S. Goods traffic and operating account. County. 1985 .....	82

## 1. FORMÅL

Formålet med rutebilstatistikken er å kaste lys over dei ulike sidene ved rutebilnæringa. Som kollektivt transportmiddel har rutebildrifta gjennom lang tid vore regulert av det offentlege. Det er konsesjonsordning for rutebildrift, og det er store offentlege tilskot til næringa. Dette fører til at samferdslestyremaktene både regionalt og for landet under eitt treng oppgåver og statistikk for rutebilnæringa for kontroll og planleggjingsformål.

Statistikk over rutebilnæringa er og viktig som del av Statistisk Sentralbyrås statistikk for større område. Ein skal her nemne:

### a. Nasjonalrekneskap

Rutebilstatistikkens oppgåver over passasjer- og godsinntekter, løner, kjøp av varer og tenester mv. blir nytta i Statistisk Sentralbyrås løpende nasjonalrekneskap.

### b. Totaloppstillingar over innanlandske transporttytingar

Statistisk Sentralbyrå i samarbeid med Transportøkonomisk institutt reknar ut oppgåver over passasjerar og passasjerkilometer og tonn gods og tonnkilometer. Dette blir gjort på grunnlag av tilgjengeleg statistikk for kvar transportmåte (skip, jernbane, rutebil, personbil og fly) og samla for alle transportmåtar.

## 2. OPPLEGG OG GJENNOMFØRING

### 2.1. Grunnlaget for statistikken

Samferdslestyremaktene hentar inn oppgåver på eit administrativt skjemasett frå rutebilselskapen. Skjemasettet er fastsett av Samferdselsdepartementet. Departementet har heimel for denne oppgåveinnhentinga i lov av 4. juni 1976 om samferdsle, §§ 3, 4 og 13, og forskrifter om rutetransport innanlands med motorvogn eller party av 10. juni 1977, pkt. 37. Statistisk Sentralbyrå får òg eit eksemplar av det administrative skjemasettet, og dette er grunnlaget for utarbeidinga av rutebilstatistikken.

### 2.2. Omfang og oppgåveeininger

Rutebilstatistikken omfattar alle føretak med ein eller fleire konsesjonar for vanleg rutebil drift, også bussrutene til statsbanane og sporvegane. Statistikken for 1985 byggjer på oppgåver frå 441 rutebilselskap med til saman 10 871 vogner.

I Standard for næringsgruppering er føretak definert som ei institusjonell eining som omfattar all verksemd som blir drive av same eigaren. Eit føretak kan vere samansett av ein eller fleire bedrifter. Føretak som berre er ei bedrift, slik at bedrifts- og føretaksomgrepet fell saman, blir kalla eibedriftsføretak, mens føretak med to eller fleire bedrifter blir kalla fleirbedriftsføretak.

For fleirbedriftsføretak der all verksemda utanom rutebiltransporten er knytta til bildrifta, t.d. verkstad og/eller rutebilstasjon, er heile verksemda til føretaket rekna med i statistikken. For fleirbedriftsføretak der rutebiltransport og eventuell verkstad-/rutebilstasjonverksemd utgjer berre ein del av den samla verksemda i føretaket, blir denne delen skilt ut og rekna med som ei eiga føretakseining i rutebilstatistikken. I føretak som t.d. driv med både innanlands rutefart på kysten og rutebiltransport og eventuell verkstad/rutebilstasjon, er såleis rutebilverksemda skilt ut og rekna som særskilt føretak.

Bilrutene til Noregs Statsbaner i dei enkelte fylka er i Det sentrale bedrifts- og føretaksregister i Statistisk Sentralbyrå grupperte som bedrifter, men går likevel inn i rutebilstatistikken som eigne føretak.

Føretaksomgrepet som er nytta i rutebilstatistikken avvik såleis i nokre tilfelle frå den generelle føretaksdefinisjonen.

Som hovudregel er rutebilselskapa rekna med under det fylket som skriv ut konsesjon til selskapet. På grunn av konsesjonane kan grensa til trafikkområdet gå på tvers av fylkesgrensa.

### 2.3. Datainnsamling

Det administrative skjemasettet for rutebilselskapa blir henta inn av samferdslekontora i fylka. Etter gransking i samferdslekontora blir eit eksemplar sendt vidare til Statistisk Sentralbyrå. Settet er samansett av eit spørjeskjema for føretak utan tilskot og med ti eller færre vogner, og fem spørjeskjema for føretak som får tilskot og/eller har fleire enn ti vogner.

## 3. OMGREP OG KJENNEMERKE

Ordinære personruter, kombinerte ruter og ordinære godsruter: Ruter som er oppretta som opne, regulære ruter til bruk for allmenta.

Skoleruter: Ruter oppretta for kjøring av skolebarn, på kontrakt mellom selskap og kommunale styresmakter.

Mjølkeruter: Ruter for kjøring av mjølk, på kontrakt mellom meieri/ysteri og rutebilselskap.

Andre kontraktruter: Arbeidsruter til/frå bedrifter, spesielle postruter osb.

Kjøring utanfor rute: Transport av passasjerar (turkjøring), godskjøring som utkjøring og henting frå/til godsekspedisjon (terminal), snøbrøyting mv. Kjøring utanfor rute er med i rutebilstatistikken berre om eit føretak har konsesjon på rutetransport.

Kjøring på andres løye: Transport med eigne bilar på løyvet til eit anna føretak. Enkelte ruter kan bli trafikkerte av andre selskap enn løyvehavaren. Dette har størst omfang i Oslo/Akershus. Det er her særleg A/S Oslo Sporveier og Stor-Oslo Lokaltrafikk A/S som har løyvene. A/S Oslo Sporveier leier i stor mon andre selskap stå for kjøringa, og Stor-Oslo Lokaltrafikk A/S leier andre selskap foreta all kjøringa.

Kjøring på andres løye kan også vere årsaka av at løyvehavaren vil dekkje trafikktoppar i rush-periodar utan å mætte utvide vognparken. Slik kjøring er teke med som kjøring med leigde vogner i løyvehavarens oppgåve.

Vogn: Motorvogner, medrekna trekkvogner og tilhengarar.

Vognkilometer: Talet på kilometer som vognene (motorvogner og tilhengarar) kjører. For kombinerte vogner (vogner som er registrerte for transport av både personar og gods) skal kjørte vognkilometer som hovudregel takast med under passasjertrafikk.

Transportevne (transportkapasitet av passasjerar) i plasskilometer: Talet på tillatne sitje- og ståplassar multiplisert med talet på vognkilometer, særskilt rekna for kvar vogn (eigne og leigde).

Passasjerar: Personar transporterte i og utanfor rute.

Passasjerkilometer (personkilometer): I prinsippet det samla talet på kilometer reist av passasjerane. Selskapa reknar passasjerkilometer på ulike vis, t.d. ved trafikkteilingar i ein kort periode, eller ut frå skjøn.

Passasjertal og passasjerkilometer er i tabell 10 og tabell 22 fordelt på ordinære reisande, og skolebarn reist på spesielle skolekort i ordinære ruter og i eigne skoleruter.

Gjennomsnittleg reiselengd: Talet på passasjerkilometer dividert med talet på passasjerar.

Transportevne (transportkapasitet av gods) i tonnkilometer: Den registrerte lasteevna

(nyttelast) i tonn multiplisert med vognkilometer, rekna særskilt for kvar vogn og tilhengar (eigne og leigde).

Tonn gods transportert: Vekta av gods transportert med godsruter og personruter i året.

Tonnkilometer: I prinsippet summen av vekta av dei enkelte transportane multiplisert med kjørt distanse ved kvar transport. Selskapa reknar likevel tonnkilometer på ulike vis t.d. ut frå rutenes inntekter av godstransport og godstakstane, eller ved talet på tonn gods som er transportert og gjennomsnittleg transportlengd.

Godsmengd transportert og utførte tonnkilometer er i tabell 11 og i tabell 23 fordelt på kjøring av mjølk og kjøring av anna gods. Mjølkekjøring på kontrakt går mest føre seg ved faste mjølkeruter, men det hender også at mjølk blir transportert med godsruter og kombinerte ruter.

Gjennomsnittleg transportlengd: Talet på tonnkilometer dividert med talet på tonn gods transportert.

Utnytting av transportevna (kapasitetsutnyttinga): I passasjertrafikken talet på passasjerkilometer i prosent av transportevna i plasskilometer, og i godstrafikken tonnkilometer i prosent av transportevna i tonnkilometer.

### Kostnader

Kostnadene er inndelte i trafikkostnader og avdelings- og felleskostnader. I oppgåvene til rutebilstatistikken er meirverdiavgift ikkje rekna med for godstransport, mens ho for passasjertrafikken er med i kostnadene.

Som trafikkostnader er rekna kostnader som berre gjeld trafikkvogner i inntektsbringande trafikk. (Kostnader ved t.d. tenestebilar, kranvogner mv. er tekne med under avdelings- og felleskostnader.)

Trafikkostnadene er vidare oppdelte i distansekostnader, mannskapskostnader, vognkostnader og særkostnader.

Distansekostnader: Kostnader som knytter seg til trafikkvogna si drift, slike som drivstoff og smøremiddel, kilometeravgift, vognreparasjonar m.m.

Mannskapskostnader: Løn og sosiale kostnader til mannskap på trafikkvognene.

Vognkostnader: Avskriving av trafikkvognene, vognskadeforsikring mv.

Særkostnader: Andre trafikkostnader som vognleige, ferje-, bru- og bompengar m.m.

Avdelings- og felleskostnader:

Avdelingskostnader: Kostnader som gjeld drift og verksemد for andre avdelingar enn trafikkavdelinga, slik som administrasjon, verkstad og garasje.

I avdelingskostnadene går løn og sosiale kostnader til personell utanom sjåførar og bilmannskap, avskrivingar utanom avskriving av trafikkvogner og andre avdelingskostnader som husleiger, forsikring osb., men ikkje medrekna forsikring av trafikkvogner.

Felleskostnader: Kostnader som ikkje kan bli ført til nokon spesiell avdeling. Dette kan vere kostnader som pensjonar, renter mv.

### Inntekter

Inntektene er inndelte i trafikkinntekter og avdelings- og fellesinntekter. I oppgåvene til rutebilstatistikken er meirverdiavgift ved godstransport halde utanfor (på persontransport er det ikkje lagt slik avgift).

Trafikkinntekter: Direkte inntekter av person- og godstrafikk (t.d. billett- og fraktbetøp).

Avdelings- og fellesinntekter: Inntekter som salsinntekter av varer og tenester, husleigeinntekter, vederlag ved vognskader, forteneste ved sal av driftsmiddel m.m.

Tilskot: Tilskot til drift og til nedskriving av vogner og anlegg blir gjeve av stat, fylke og kommunene. Underskot i drifta av kommunale busselskap i Oslo, Bergen og Trondheim blir dekt av kommunane, og er i statistikken rekna som tilskot.

#### 4. BRUK AV TABELLANE

##### 4.1. Merknader til tabellane

Tabell 1: Nasjonalrekneskapen gir ei systematisk statistisk framstilling av det norske samfunnshushaldet. Tabellen viser bruttoproduktet for samferdsla og rutebiltransporten i løpende og faste priser.

Tabell 2: Statistisk Sentralbyrås forbruksundersøkingar gir oppgåver over utgifter pr. år for gjennomsnittshushaldet. Tabellen viser utgifter til reiser og transport.

Tabell 3: I konsumprisindeksen til Statistisk Sentralbyrå er det rekna ut delindeksar for dei enkelte vare- og tenestegruppene. Tabellen viser delindeksane innan reiser og transport.

Tabellane 4 og 5: Statistisk Sentralbyrå utarbeider årleg oppgåver over innanlandske transporttytingar i samarbeid med Transportøkonomisk institutt. Tabellane viser innanlandske person- og godstransporttytingar etter transportmåte.

Tabell 6: Tabellen viser utviklinga av rutebiltrafikken frå 1930 til 1985. For nokre kjennermerke har ein statistikk tilbake til 1908.

I alle tabellane med fylkestal er Oslo og Akershus slegne saman. Dette kjem av at rutebiltrafikken i desse fylka i stor utstrekning er drive under eitt, og difor ikkje kan splittast på fylke. I tabellar med fylkestal er A/S Oslo Sporveier og A/S Bergen Sporvei, spesifiserte for seg.

##### 4.2. Behandling av kjøring på andres løyve

Kjøring på andres løyve er av stort omfang. Dette kjem særleg av organiseringa av busstrafikken i Oslo-området. A/S Oslo Sporveier og Stor-Oslo Lokaltrafikk A/S har her løyvene. A/S Oslo Sporveier let i stor mon andre selskap kjøre, og Stor-Oslo Lokaltrafikk A/S let andre selskap gjere all kjøringa (Schøyen, Blå Romeriksbusser mv. - til dels også selskap utanom Oslo/Akershus). Rekneskapa for desse selskapa blir bruttoførte, dvs. at ein følgjer selskapa sine rekneskap utan korrekjonar for den føringa dei har gjort for kostnadsposten Vognleige og inntektposten Kjøring på andres løyve.

I tabelloppstillingane i denne publikasjonen er kostnadene til vognleige og inntektene frå kjøring på andres løyve behandla på denne måten:

i) I tabellar som viser samla inntekter og kostnader er vognleige og kjøring på andres løyve rekna med i tala, også i kolonnen for samla kostnader og inntekter. Dette gjeld tabellane 12, 25, 26, 27, 28, 29, 31 og 32. I publikasjonane for åra til og med 1981 blei vognleige og kjøring på andres løyve ikkje tekne med i kolonnene for samla kostnader og inntekter.

ii) For å unngå dobbeltteljingar er inntekter av transport på andres løyve og kostnader til vognleige ikkje tekne med i tabellane der det er rekna ut inntekter eller kostnader pr. passasjer-, tonn- eller vognkilometer. Dette gjeld tabellane 13, 33 og 34.

### 4.3. Behandling av eigarar i personlege rutebilføretak

Ein del rutebilføretak (særleg små) er personlege, og ein god del av arbeidet med løpende drift, administrasjon mv. blir gjort av eigarane. For å jamføre best mogleg med rutebilføretak organiserte som selskap, har ein søkt å behandle arbeidsinnsats mv. for desse eigarane på same måten som for tilsette. Dette er gjort på følgjande måte i tabellane:

I tabellane 9, 18 og 19 er eigarar rekna med.

I tabell 12 og enkelte av tabellane under tabellavsnittet Økonomi har ein ut frå gjennomsnittslege satsar for dei tilsette rekna ut løn og sosiale kostnader for eigarane ut frå timeverksoppgåver etter arbeidet si art. For eigarane er denne utrekninga gjort for kvar type løn (løn sjåførar, løn administrasjon mv.).

Dersom ein ikkje hadde rekna ut løna på denne måten, ville godtgjeringa til eigarane ha gått inn som ein del av resultatet etter tilskot og driftsresultat (jf. tabell 31, Resultatrekneskap etter fylke). Desse postane ville då ikkje ha vore jamførbare med tilsvarende postar for rutebilføretak organiserte som selskap.

### 4.4. Behandling av Norske Godslinjer A/S

Som følgje av gjennomføringa av den nye samferdslelova i 1977 blei kjøringa til Norske Godslinjer A/S sett på som godsrutetrafikk og måtte ha ruteløyve. Utover i 1978 fekk dei ulike regionselskapa etter kvart løyve. Desse selskapa skulle då også levere skjema til rutebilstatistikken og takast med i denne statistikken. Statistisk Sentralbyrå fekk ikkje tilfredsstillande oppgåver for 1978, og Norske Godslinjer A/S kunne difor ikkje takast med i statistikken for 1978. Frå og med 1979 har vi fått tilfredsstillande oppgåver, og selskapet er med i statistikken. Det er såleis eit brot i talseriane mellom 1978 og 1979.

For å gjere det mogleg å jamføre statistikken for 1978 med statistikken for seinare år, er tala for Norske Godslinjer A/S spesifiserte som Av dette-postar i tabellane for heile landet (sjå tabellane 11 og 12). I fylkestabellane er dette ikkje gjort. Norske Godslinjer A/S går inn i tala frå og med 1979 utan å vere spesifisert særskilt. For likevel å gjere det mogleg å samanlikne, er alle fylkestala for Norske Godslinjer A/S gitt i ein eigen tabell (sjå tabell 36).

Etter avtale med samferdslestyremaktene fyller Norske Godslinjer A/S ut skjema på ein forenkla måte. Under inntekter fører dei berre inntekter frå ordinære ruter, og under kostnader berre vognleige og avgifter mv. I tillegg blir det ført trafikkdata for transporttytingar. Norske Godslinjer A/S gir ikkje oppgåver over vogner og sysselsette, og er av den grunn ikkje med i tala i tabellane 8 - 9 og 15 - 19 over vogner og sysselsette, men er med i tala i tabellane 7 og 14 over føretak.

Fordi Norske Godslinjer A/S fyller ut berre nokre få postar på skjemaet over kostnader, har ein valt å utelate oppgåver for Norske Godslinjer A/S der inntekter og kostnader pr. vogn- eller tonnkilometer er rekna ut. Dette gjeld tabellane 13, 34 og 35.

## 5. NOKRE HOVUDRESULTAT

### 5.1. Rutebiltransport og samfunnsøkonomi

Tabell 1 viser at bruttoproduktet av rutebiltransporten har auka frå 1982 til 1986, målt i løpende prisar, mens bruttoproduktet har gått ned i tilsvarende periode målt i faste prisar.

Utgiftene som hushalda har til reiser og transport har frå 1980 - 1982 til 1983 - 1985 gått opp til 21,4 prosent, eller med 2,0 prosentpoeng etter tabell 2. Utgiftsdelen til buss har gått ned med 0,1 prosentpoeng, dvs. til 0,9 prosent av hushaldsutgiftene i 1983 - 1985.

Mens den samla konsumprisindeksen har stige med 72 prosent frå 1980 til 1986, har delindeksen for buss auka med 148 prosent i same perioden. Berre for sporvegar og forstadsbane har indeksen hatt ein større auke enn buss i perioden.

## 5.2. Utviklingstendensar og hovudresultat

I 1985 transporterte rutebilane 288 mill. passasjerar, det same som i 1984. Transportarbeidet i 1985 var på 3 878 mill. passasjerkilometer, ein auke på 4,5 prosent frå 1984.

Det var nedgang i transportert godsmengd frå 4,0 mill.tonn i 1984 til 3,8 mill.tonn i 1985. Transportarbeidet med gods hadde ein nedgang på 6,4 prosent, til 669 mill. tonnkilometer i 1985.

Dei samla inntektene og tilskota til selskapa utgjorde 5 222 mill. kr i 1985, medrekna kjøring på andres løyve. Kostnadene utgjorde 5 161 mill. kr. Inntektene av passasjertrafikken var 3 107 mill. kr i 1985, ein auke på 8,0 prosent frå 1984. Tilsvarande tal for godstrafikken var 974 mill. kr, som svarer til ein auke på 6,1 prosent. Rutebilane fekk i 1985 i alt 1 081 mill. kr i oftentlege drifttilskot. Det var ein auke på 8,0 prosent frå 1984. Tilskota har auka med 22 prosent frå 1981 til 1985. Løn og sosiale kostnader utgjorde 2 287 mill. kr i 1985, ein auke på 7,3 prosent frå 1984. Løn og sosiale kostnader var òg i 1985 viktigaste kostnadsposten, og utgjorde 44,3 prosent av alle kostnadene.

Rekna i øre pr. vognkilometer steig kostnadene frå 870 øre i 1984 til 919 øre i 1985. Inntekter pr. passasjerkilometer auka i same perioden med 4 øre, til 70 øre i 1985. Inntektene pr. netto tonnkilometer auka med 16 øre, til 143 øre i 1985 (medrekna Norske Godslinjer A/S).

## 1. PURPOSE

The purpose of the statistics on scheduled road transport is to describe the different aspects of the scheduled road transport industry. As a public mode of transport the bus services have been controlled by the public authorities for a long time. The bus services are organized by a licence system, and large subsidies are granted from the public authorities. Both local and central transport and communication authorities therefore need reports and statistics from the scheduled road transport industry for the purpose of control and planning.

The statistics on the scheduled road transports are also included in other statistics prepared by the Central Bureau of Statistics, e.g. National accounts and Total domestic transport performances.

## 2. SURVEY DESIGN

### 2.1. Statistical basis

In connection with the governmental control of and subsidies granted to the scheduled road transport industry, the transport and communication authorities compile an administrative report from the scheduled road transport enterprises. The Ministry of Transport and Communications has designed the report. This report is the basis for the statistics of Central Bureau of Statistics on scheduled road transport.

### 2.2. Coverage and reporting unit

The statistics on the scheduled road transport cover all enterprises with one or more licences for ordinary bus services, including the bus services operated by the State Railways and by the tramway companies. The statistics are based on reports from 441 scheduled road transport companies with 10 871 vehicles.

The Standard Industrial Classification defines an enterprise as an institutional unit comprising all economic activities engaged in by one and the same owner. An enterprise may consist of one or more establishments. Enterprises that consist of only one establishment, are referred to as single-unit enterprises, while enterprises with two or more establishments are called multi-unit enterprises.

For multi-unit enterprises which in addition to scheduled road transport operates other related activities, operation of workshop and/or a bus station, all the activities of the enterprise company are included in the statistics. For multi-unit enterprises in which scheduled road transport and related activities represent only part of an enterprise, this part is separated from the total activities and considered as an enterprise unit in the scheduled road transport statistics. In enterprises engaged in scheduled transport in coastal waters and scheduled road transport with or without the combination workshop/bus station, the road transport activity is separated and considered as an enterprise unit.

Scheduled road transport firms owned by Norwegian State Railways are in the present statistics counted as enterprises even if they in the Central Register of Establishments and Enterprises are grouped as establishments.

Thus, the concept of the enterprise used in the present statistics to some degree differs from the general definition.

### 2.3. Collection of data

The administrative report is compiled by the county communication offices. The report consists of one questionnaire for enterprises without subsidies and with 10 or less vehicles, and five questionnaires for enterprises which receive subsidies and/or with more than ten vehicles.

### 3. TERMS AND VARIABLES

Ordinary scheduled passenger traffic, combined traffic and scheduled goods traffic: Scheduled services established for the public.

Transport of school children: Transport of school children to and from their schools. This service is run on the basis of a contract between the enterprise and the municipal administration.

Milk transport: Transport of milk based on a contract between the enterprise and the dairy.

Other transport on contract: Regular work transport service, separate carriage of mail, etc.

Unscheduled traffic: Unscheduled transport of passengers, unscheduled transport of goods, as delivery and collection from/to a terminal, snow clearing, etc. Unscheduled traffic is only included in the present statistics in case the transporter holds a licence for scheduled road transport.

Driving for other bus companies: Transport services done by another enterprise than the licence holder. This is especially of great importance in Oslo/Akershus. In this area the licences are mainly held by A/S Oslo Sporveier and Stor-Oslo Lokaltrafikk A/S. To a great extent A/S Oslo Sporveier allows other companies to do the driving and Stor-Oslo Lokaltrafikk A/S has all their driving done by other companies.

To avoid an increase of their vehicle fleets etc. in periods of great demand on transport, even other licence holders can sometimes let other companies do the driving.

Vehicle: Motor-vehicles including tractors for semi-trailers and trailers.

Vehicle-kilometres: The number of kilometres performed by the vehicles, motor-vehicles and trailers. For combined vehicles (vehicles registered for transport of persons and goods) the number of vehicle-kms performed are, as a rule, counted as done in passenger traffic.

Transport capacity measured in place-kilometres: The number of permitted seats and standings for each vehicle (own or hired) multiplied with its vehicle-kms.

Passengers: Persons being transported in scheduled and in unscheduled service.

Passenger-kilometres: In principle, the aggregate number of kilometres travelled by the passengers. By using i.a. simple counts over a short period, the enterprises may estimate the number of passenger-kms.

The number of passengers and passenger-kms are specified by ordinary passengers and school children.

Average length of journey: Number of passenger-kilometres divided with number of passengers.

Transport capacity measured in ton-kilometres: The registered carrying capacity (tonnage) multiplied with vehicle-kms performed, for each vehicle (own or hired) and trailer.

Tons of goods carried: Quantity of goods carried by goods services and by passenger services.

Ton-kilometres: In principle the aggregate weight of each consignment multiplied by the distance it has been moved. This aggregate is estimated by the enterprises in different ways, for instance by using receipts for each transport and the freight tariffs, or by the number of tons carried and the average distance of the transports.

Tons carried and ton-kms are specified by milk moved on contract and other goods movement in tables 11 and 23.

Average length of transport: Number of ton-kilometres divided with tons of goods carried.

Utilization of transport capacity: The number of passenger-kms as a percentage of the transport capacity in place-kms, and in the goods traffic the ton-kms as a percentage of transport capacity in ton-kms.

### Expenditure

The expenditure is divided into traffic expenditure, division and common or joint expenditure.

Traffic expenditure: Costs connected with productive traffic vehicles only. Expenses to motor breakdown lorries, wrecking cars, etc. are included as division and common or joint expenditure.

The traffic expenditure is further divided into distance costs, staff costs, provisions for depreciation of vehicles and other traffic expenses.

Distance costs: Expenses related to the running of the traffic vehicles, as fuel and lubricating oil, repair of vehicles, kilometric dues, etc.

Staff costs: Expenses as wages and social security contributions for drivers and assistants on the vehicles.

Vehicle expenses: Provisions for depreciation of traffic vehicles, vehicle damage insurance, etc.

Other traffic expenditure: Hire for vehicles, ferry fares, tolls (incl. bridge toll), etc.

Division expenditure: Expenses relating to the operation of divisions other than the traffic division, like administration, workshop and garage, terminals etc.

Division expenditure also covers wages and social security contributions for the staff other than drivers and assistants. Included are also provisions for other depreciation than that of traffic vehicles, other division expenditure like rents, insurance etc., but excluding insurance of traffic vehicles.

Joint expenses: Expenses not relating to any separate division, like pensions, interests etc.

### Receipts

The receipts are divided into traffic receipts, division and joint or common receipts.

Traffic receipts: Receipts from passenger and goods transport.

Division and joint receipts: Rents, compensation for vehicle damages, for loss of earning capacity being involved, sale of vehicles at a profit etc.

Subsidies: Subsidies to the operating costs and to provisions for depreciation of vehicles and plants granted by the Central government, county and municipal administration. Further, deficits in the operation of municipal bus companies in Oslo, Bergen and Trondheim are covered by the respective municipalities. In the present statistics these amounts are grouped as subsidies.

## 4. USE OF THE TABLES

### 4.1. Notes to the tables

Table 1: The National Account gives a systematic statistical description of the Norwegian economy. The table shows the gross product of transport and communications, with scheduled road transport specified at current market prices and constant prices.

Table 2: The surveys of consumer expenditure give data on consumer expenditure on transport for households during a year.

Table 3: In the consumer price index, prepared by the Central Bureau of Statistics, group index numbers are calculated for commodity and service groups covering transport.

Tables 4 and 5: The Institute of Transport Economy has in co-operation with the Central Bureau of Statistics yearly calculated total domestic transport performances. The tables show goods transports and passenger transports by mode of transport.

Table 6: The table shows the development of scheduled road transport from 1930 to 1985. For some of the variables statistics are available back to 1908.

In all tables with figures by counties Oslo and Akershus are presented as one county, as scheduled road transports in these counties to a great extent are run by the same enterprises. A/S Oslo Sporveier and A/S Bergen Sporvei are separately specified.

More general comments are made in sections 4.2, 4.3 and 4.4.

#### 4.2. Treatment of driving on other bus companies' licence

Driving for other bus companies is of great importance. This is specially due to the organization of the bus traffic in the Oslo area.

The statistics in this field are a "gross accounting" one. This means that no deviations from or corrections to the accounts, as delivered by the companies, are made for their hire of vehicles from others and for driving on behalf of other bus companies. As from 1982 income from driving for other bus companies and expenses for hire of vehicles have been included in all tables showing total receipts and expenditure.

In tables showing receipts and expenditure per passenger-kilometres, ton-kilometres and vehicle-kilometres income from driving for other bus companies and expenses for hire of vehicles have been excluded from the columns giving total receipts/expenditure per kilometre, thus avoiding double counting.

#### 4.3. Treatment of owners in personal scheduled road transport enterprises

Some scheduled road transport enterprises (especially small ones) are personal and a greater part of the work in these enterprises is done by the owners. To make comparisons between these enterprises and the enterprises organized as companies, the work done by the owners and by the employed persons are treated in the same way. The owners' work is included in the figures for man-hours by type of work. A calculated wage and social security contribution for the owners are also included in figures for wages and social security contributions in the tables.

#### 4.4. Treatment of Norske Godslinjer A/S

Due to a new law of transport and communications, put in force from 1977, the driving of Norske Godslinjer A/S had to be treated as scheduled road transport. In the course of 1978 the various regional companies of Norske Godslinjer A/S obtained their licences for ordinary bus services. For 1978 the Central Bureau of Statistics did not succeed in collecting satisfactory reports and the companies therefore could not be included in the statistics. As from 1979, however, satisfactory reports have been received and Norske Godslinjer A/S are included in the statistics elaborated as from 1979. In the tables 12 and 13 the figures for Norske Godslinjer A/S are specified as of which items. Thus, comparisons between 1978 and later years can be made. This type of breakdown is not shown in the separate tables for each county. However, table 36 contains county figures for Norske Godslinjer A/S only.

The reports from Norske Godslinjer A/S are simplified and contain only a few types of expenditure. Therefore the results for Norske Godslinjer A/S are not included in tables 13, 34 and 35.

### 5. SOME MAIN RESULTS

#### 5.1. Scheduled road transport and the Norwegian economy

The gross product of scheduled road transport has increased from 1982 to 1986 measured in current market prices, but it has decreased measured in constant prices.

In the years 1983 - 1985 21.4 per cent of households' consumer expenditure were spent on transport purposes, increasing with 2.0 percentage points from the years 1980 - 1982. Expenditure on bus transport decreased by 0.1 percentage points over the same period, counting for 0.9 per cent of total households' consumer expenditure in the years 1983 - 1985.

While the total consumer price index increased by 72 per cent from 1980 to 1986, the group index for bus transport had an increase of 148 per cent in the same period.

## 5.2. Some main results and trends

In 1985, as in 1984, 288 million passengers were carried in the scheduled road transport. The transport performance in 1985 totalled 3 878 million passenger-kilometres, i.e. an increase of 4.5 per cent from 1984.


A total of 3.8 million tons of goods were carried in 1985, a decrease of 5.0 per cent from 1984. The goods transport performance decreased with 6.4 per cent from 1984, to 669 million ton-kilometres in 1985.

The total receipts and subsidies of the companies amounted to 5 222 million kroner in 1985 while the expenditure totalled 5 161 million kroner. Receipts from passenger transport counted for 3 107 million kroner and receipts from goods transport for 974 million kroner, increasing with 8.0 and 6.1 per cent from 1984, respectively.


The companies received 1 081 million kroner in operating subsidies, an increase of 8.0 per cent from 1984. Since 1981 the subsidies have increased with 22 per cent. The expenditure on wages and social security contributions amounted to 2 287 million kroner, rising with 7.3 per cent from 1984.

Calculated in øre per vehicle-kilometre, the expenditure increased from 870 øre in 1984 to 919 øre in 1985. The receipts per passenger-kilometre increased with 4 øre, to 70 øre in 1985. The receipts per ton-kilometre increased with 16 øre, to 143 øre in 1985.

Figur 1. Passasjertrafikk. 1930-1985. Mill. passasjerkilometer Passenger traffic.  
1930-1985. Million passenger-kilometres




Figur 2. Godstrafikk. 1930-1985<sup>1)</sup>. Mill. tonnkilometer Goods traffic. 1930-1985<sup>1)</sup>  
Million ton-kilometres




- 1) Norske Godslinjer A/S er teke med i statistikken frå og med 1979. Det er derfor brot i talrekka mellom 1978 og 1979.  
 1) Norske Godslinjer A/S is included in the statistics as from 1979. The homogeneity of the series is therefore broken between 1978 and 1979.

Figur 3. Inntekter og kostnader. 1970-1985. Mill.kr Receipts and expenditure.  
1970-1985. Million kroner



Figur 4. Kostnader i passasjertrafikk. Fylke. 1985. Øre pr. vognkilometer i passasjertrafikk.  
Landsgjennomsnitt: 965 øre  
Expenditure in passenger traffic. County. 1985. Øre per vehicle-km done in passenger traffic.  
Average for the country: 965 øre



Tabell 1. Bruttoprodukt i samferdsla. 1982 - 1986. Mill.kr Gross product of transport and communications. 1982 - 1986. Million kroner

		1982	1983	1984	1985	1986 <sup>1</sup>
		Løpende priser At current market prices				
SAMFERDSLE I ALT	TRANSPORT AND COMMUNICATIONS, TOTAL	34 768	37 740	41 431	43 250	49 567
I prosent av bruttonasjonalproduktet	In per cent of gross domestic product .....	9,6	9,4	9,2	8,6	9,6
Sjøtransport i alt	Water transport, total .....	12 584	12 709	14 356	13 761	13 418
Utanriks sjøfart	Ocean transport .....	9 903	9 625	11 108	10 290	9 467
Innanriks sjøfart	Coastal and inland water transport .....	1 323	1 630	1 672	1 728	2 270
Hjelpeverksemd for sjøtransport	Supporting services to water transport .....	1 358	1 454	1 576	1 743	1 681
Olje- og gasstransport med rør	Transport of oil and natural gas by pipeline .....	2 566	2 506	2 483	3 051	4 974
Anna samferdsle i alt	Other transport and communications, total .....	19 618	22 525	24 592	26 438	31 175
Jernbanedrift	Railway service .....	1 200	1 164	1 123	1 281	1 335
Transport med sporveg og forstadsbane	Tramway and suburban railway transport .....	138	157	178	199	219
Rutebiltransport	Scheduled road transport .....	1 547	1 731	1 771	1 919	2 206
Drosje- og turbiltransport	Taxi and other unscheduled passenger transport by road .....	421	489	498	567	671
Leigebiltransport	Unscheduled freight transport by road .....	2 986	3 250	3 735	4 360	5 440
Hjelpeverksemd for landtransport	Supporting services to land transport .....	722	770	823	915	1 012
Lufttransport	Air transport .....	1 550	2 023	2 204	2 726	3 542
Tenester i tilknyting til transport og lagring	Services incidental to transport and storage .....	2 172	2 355	2 590	2 737	2 904
Post og telekommunikasjoner	Communications .....	8 882	10 586	11 670	11 734	13 846
Faste (1980-) priser At constant (1980) prices						
SAMFERDSLE I ALT	.....	29 327	30 076	31 625	32 127	34 799
I prosent av bruttonasjonalproduktet	.....	10,2	10,0	9,9	9,5	9,9
Sjøtransport i alt	.....	12 612	12 674	13 305	12 438	12 075
Utanriks sjøfart	.....	10 459	10 445	11 124	10 234	9 990
Innanriks sjøfart	.....	1 021	1 136	1 101	1 064	1 047
Hjelpeverksemd for sjøtransport	.....	1 132	1 093	1 080	1 140	1 038
Olje- og gasstransport med rør	.....	1 935	2 004	2 143	2 519	3 687
Anna samferdsle i alt	.....	14 780	15 398	16 177	17 170	19 037
Jernbanedrift	.....	809	698	713	812	834
Transport med sporveg og forstadsbane	.....	53	57	52	47	50
Rutebiltransport	.....	935	922	916	927	921
Drosje- og turbiltransport	.....	381	372	371	404	411
Leigebiltransport	.....	2 567	2 630	2 902	3 161	3 468
Hjelpeverksemd for landtransport	.....	626	646	679	703	738
Lufttransport	.....	1 369	1 484	1 538	1 711	1 809
Tenester i tilknyting til transport og lagring	.....	1 816	1 832	1 875	1 880	1 922
Post og telekommunikasjoner	.....	6 224	6 757	7 131	7 525	8 884

<sup>1</sup> Tala for 1986 er førebels og det kan bli store revisjonar i dei endelege tala.

<sup>1</sup> The figures for 1986 are preliminary and considerable revisions may be done in the final figures.

Tabell 2. Forbruksutgiftene til husnålde i 1973, 1974 - 1976, 1977 - 1979, 1980 - 1982 og 1983 - 1985, etter vare- og tenestegruppe. Prosent Households' consumer expenditure in 1973, 1974 - 1976, 1977 - 1979, 1980 - 1982 and 1983 - 1985, by commodity and service group. Per cent

Vare- og tenestegruppe Commodity and service group	CONSUMPTION EXPENDITURE, TOTAL .	Prosent Per cent				
		1973	1974- 1976	1977- 1979	1980- 1982	1983- 1985
